

Forslingsplan for Vest-Telemark Museum

Som museum del i det nasjonale museumsnettverket skal VTM drive forskning og kunnskapsutvikling. Dette er ei av kjerneoppgåvene for museet og del av vårt samfunnsoppdrag jf. St.meld nr. 49 Framtidas museum (2008-2009).

Vest-Telemark Museum er ei kunnskapsbedrift, og i all vår verksemd skal me arbeide kunnskapsbasert. Dette har følgjer for korleis me innhentar informasjon, korleis me dokumenterer og tek vare på kunnskapsgrunnlaget me byggjer opp og korleis me baserer vår vidare utvikling på dette.

For nærere presentasjon av VTM, våre avdelingar og tematiske samlingar og vårt føremål viser ein til del om dette i samlingsplan.

Om planen

Planen er delt inn i tre hovuddelar.

- Del 1 om korleis me internt arbeider, og våre interne mål, prioriteringar og tiltak.
- Del 2 omhandlar korleis me skal styrke og utvikle vår forskingsaktivitet i samarbeid med andre.
- Del 3 omhandlar vårt arbeid for å til retteleggje for andre si forskning på vårt materiale.

Målet med planen

- Gjere oss meir medvitne om VTM som kunnskapsutviklar
- Lyfte kvaliteten i vårt arbeid
- Styrke vår status i høve til samarbeidspartnarar og museumsnettverket

Del 1: internt arbeid

Eige dokumentasjons- og kunnskapsutviklingsarbeid

VTM har til ei kvar tid gåande ulike prosjekt som inneber dokumentasjons- og innsamlingsarbeid. Desse vert gjerne avslutta når restaureringa er fullført, samlinga ordna, utstillinga opna. Det er viktig å vere medviten om at slike prosessar kan ha potensiale for vidare kunnskapsutvikling og forskingsteljande resultat.

Mål: Leggje betre til rette for forskingspublikasjonar som del av vårt arbeid.

Tiltak 1-1 Auka medvit om kva som kan vere grunnlag for forskning i vårt arbeid.

Tiltak 1-2 Leggje inn ordningsarbeid, sluttrapport og artikkelskriving som del av prosjektplan der det er relevant.

Tiltak 1-3 Syte for tilgjengeleg utstyr og hjelpemiddel for innsamling og dokumentasjon som lydopptakar, scannar, foto- og videoutstyr.

Kompetanseutvikling

Det er trong for å styrke formalkompetansen innan VTM. I Kulturrådets vurdering av museet er det ikkje lenger mastergrad som vert sett som krav for forskingskompetanse, men konservator NMF eller doktorgrad. VTM har pt. ingen med slik kompetanse.

Mål: Innan 2025 skal VTM ha to tilsette med akkreditering som konservator NMF, alternativt ein konservator NMF og ein med doktorgrad.

Tiltak 1-4 Utvikling av stab: Prioritere kvalifiserande arbeid til autorisasjon konservator NMF for dei som ligg nærast desse krava. Forutan mastergrad og museumsfagleg praksis inneber dette publisering av fagartiklar.

Tiltak 1-5 Rekruttering: Ved nyttilsetjingar i relevante stillingar prioritere kandidatar som har eller innan rimeleg tidshorisont kan klare kompetansekrava til forskning. Dette inneber særskild å vektleggje kandidatar med fullført mastergrad.

Tiltak 1-6 undersøke høva for doktorgradsløp: VTM skal ha oversikt over reglar og ordningar for finansiering av doktorgrad. Offentleg Ph.D. er eit alternativt løp for doktorgrad, meir tilpassa allereie tilsette og behovet i verksemdar. Viktig å få avklara om det er mogeleg å utvikle dette for tilsette i VTM.

Auke vitskapleg produksjon

VTM har i perioden fram til 2020 hatt varierende produksjon av vitskaplege arbeid. Einskilde år har ein ikkje rapportert om publiserte fagartiklar, andre år er det fleire og ein skilde år har ein hatt større prosjekt som har gjeve god utteljing. Ole Blom-prosjektet som museet gjorde i samarbeid med Kviteseid Historielag i 2016 er eit døme på prosjekt der VTM låg høgt på rangeringa mellom musea i Noreg. Det er likevel svært viktig at ein får opp ein større produksjon og høgare kvalitet på feltet.

Viktigaste kanalar for publisering for VTM til no har vore eigne utgjevingar og historielagstidsskrift. Dette har vore godkjende kanalar fram til no, og førebels har det ikkje kome signal om at dette vert endra. Det har likevel dei seinare år i større grad blitt vektlagt fagfelleverderte publikasjonar og ei

nærare tilnærming til dei akademiske poenggjevande system. Med ny museumsmelding og museumslov vil truleg desse krava bli skjerpa, og musea må høgne den akademiske kvaliteten for å t.d. å nå opp i ei akkrediterings-ordning for musea. Det vil vere viktig strategisk for VTM å førebu seg på dette.

For oss vil det vere viktig å plukke dei fruktene som heng lågast i fyrste omgang, men i tillegg til årsskrifta til historielag, Telemark Historie og Arkivert (tidsskrift gjeve ut av Vestfoldarkivet) vil det vere viktig å gjere seg kjend med krav til publisasjon i Norsk Museumstidsskrift, Tidsskrift for kulturforskning, Kulturpolitisk Tidsskrift, Historisk tidsskrift og andre.

Mål: Auke og styrke den vitskaplege produksjon

Tiltak 1-7 Publiseringsmål: minimum 2 publiserte artiklar kvart år og minimum 1 med fagfelle vurdering og teljande etter akademiske krav.

Tiltak 1-8 Forskingstid: tilsette kan søkje om og få løyvd forskningstid til arbeid som gjev teljande publiseringar. Godkjenning vert gjeve av direktør, men etter at tidsrom og periode er tilpassa arbeidsplanar og oppgåver for avdelinga vedkomande arbeider på.

Tiltak 1-9 Skaffe oversikt over relevante publiseringsskanalar og forlag med fagfelle vurdering.

Del 2: Samarbeid

VTM har gjennom åra hatt ulike former av samarbeid innan feltet med ein skilde fagpersonar eller institusjonar på prosjektbasis. Dette har vore med institusjonar som Norsk Lokalhistorisk Institutt, Språkrådet og Universitetet i Bergen. Nokre institusjonar har ein også fastare samarbeid med slik som Dyrsku'n, USN Rauland (folkekunst), USN Bø (kultur og historie) og Fagskolen Innlandet og Fagskolen Telemark. I 2019 vart det skriva formell samarbeidsavtale med historie i Bø. Denne har mål om direkte produksjon av for oss relevante bachelor og masteroppgåver knytt til industriutviklinga i Lårdal. Ein har også samarbeidsavtale med Fagskolen Innlandet om fasilitering av deira samlingar på VTM – Eidsborg og undervising på desse.

Mål: Gjennom samarbeid styrke vår forskingsproduksjon

Tiltak 2-1 Etablere forskingsfremjande samarbeid gjennom formaliserte avtalar og oppfølging av desse. Etablere samarbeidsavtale med USN Rauland.

Tiltak 2-2 Aktivt søkje partnerskap for utvikling av FOU-samarbeid med felles finansieringssøknadar. Særskild rette dette mot USN, Telemarksforskning og relevante museum i det nasjonale nettverket.

Tiltak 2-3 Reetablere stipendordninga for å stimulere til forskning på relevante kunst- og kulturhistoriske tema innan Vest-Telemark, og bruke dette særskild for rekruttering av masteroppgåver.

Del 3: Tilrettelegging for andre

VTM har som kjerneoppgåve å gjere våre samlingar og arkiv tilgjengeleg for andre. Gjennom publisering på DigitaltMuseum, Arkivportalen og Mikromarc synleggjer me vårt materiale. *Samlingsplanen* og *Bevaringsplanen for privatarkiv i Telemark* skildrar korleis me skal arbeide for dette og kva prioriteringar ein skal leggje til grunn. Dette tangerer og grip likevel inn også i vårt forskingsfokus, og difor viktig å ta med også her.

VTM har også gjennom åra bistått andre med publisering av faglege bøker. Dette som forleggar med redaksjonelt arbeid og fagleg kvalitetssikring, fotoredaksjon og organisering av sjølv trykkeprosessen. I fleire tilfelle burde ein her synleggjort betre det faglege arbeidet som er gjort, og slik auka den faglege ansienniteten til museet og dei som har bidrege (jf. autorisasjonskrav konservator NMF). Ved å setje klårare krav til slike prosjekt vil ein kunne styrke vår status også på forskingsfeltet.

Mål: Bistå og tilretteleggje for forskning for andre.

Tiltak 3-1 Fysisk tilrettelegging av studieplassar på kjeldesenteret ved VTM - Eidsborg for å betre høva for bruk av arkiv, fotosamlingar og boksamling.

Tiltak 3-2 Prioritere eksterne førespurnader om samlingar og kjelder, og ha fokus på sluttprodukt av slikt arbeid og synleggjering av dette og vår rolle.

Tiltak 3-3 I vårt eige innsamlings- og ordningsarbeid ha fokus på kva materiale som kan vere høveleg som forskingsmateriale, og aktivt formidle dette til relevante miljø internt eller eksternt.

Tiltak 3-4 I bokprosjekt sikre at vår rolle vert synleggjort der det er potensiale for forskningsteljande publikasjon. Vurdere i kvart tilfelle om ein skal knyte prosjekt mot forlag med fagfellevurdering som Novus forlag, Cappelen Damm Akademisk o.a.